

## Informasjon vi treng om påførte og framtidige inntektstap som følge av behandlingsskaden

Denne informasjonen sender du oss enklast gjennom Mi side, og vi tilrår at du tek i bruk Mi side for å sende oss det vi spør etter. Gjennom Mi side får vi raskare rett informasjon frå deg.

- [Logg inn på Mi side her](#)

### Sende oss informasjon utan å bruke Mi side

Om du ikkje har Mi side, eller ikkje ynskjer å bruke Mi side, kan du skrive ned informasjonen vi treng og sende inn til oss.

Her er informasjonen du må sende oss om påførte og framtidige inntektstap som følge av behandlingsskaden:

- Saksnummeret ditt
- Dagens dato
- Namn, e-post og telefon
- Kontonummer
- Arbeidssituasjonen din før behandlingsskaden skjedde
  - a. jobb
  - b. student
  - c. uføretrygda
  - d. arbeidsavklaringspengar
  - e. sjukepengar
  - f. pensjonist
  - g. anna (skildr kva du legg i anna)
- Om du var i jobb, kva for type jobb eller yrke du hadde
- Om du jobba deltid, kva for stillingsprosent du hadde
- Kva slags jobb du har i dag
  - a. Om du jobbar i same omfang som før behandlingsskaden
  - b. Om ikkje, fortel oss stillingsprosent og når du starta med dette
- Om du tek imot sjukepengar, uføretrygd, dagpengar eller arbeidsavklaringspengar
- Om du har hatt eit mellombels inntektstap, skildre tidsperioden og storleiken på inntektstapet
- Om du kan ha rett på ytingar frå eit forsikringsselskap eller ei pensjonskasse (til dømes Kommunal Landspensjonskasse eller Statens Pensjonskasse)?
  - a. Om du allereie tek imot ytingar, fortel oss om årleg sum
- Kva dei framtidige jobbplanane dine er
- Utfyllande kommentarar

### Send inn til oss

Send informasjonen inn til oss gjennom vanleg post eller til Digipostkassa til NPE. Hugs å setje Norsk pasientskadeerstatning som mottakar om du sender inn gjennom Digipost.